



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets Presidentskap
Karl Johansgt 22
0159 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
20/2790-

Dato
16. september 2020

Spørsmål nr. 2560 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Sigbjørn Gjelsvik - CO₂-kompensasjonsordningen

Spørsmål: Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til klima- og miljøministeren:

Hvor stor ville samlet CO₂-kompensasjon i statsbudsjettet for 2020 (støtteåret 2019) vært dersom industribedriftene som i dag omfattes av ordningen skulle gis full kompensasjon for økte kraftpriser som følge av EUs kvotesystem for CO₂-utslipp, hvor stor ville samlet CO₂-kompensasjon blitt dersom også nikkerverk inkluderes i ordningen, og hvor stor ville samlet kompensasjon vært for 2020 ved en støtteintensitet på hhv 0,85 og 0,80 hhv med og uten nikkerverk inkludert i ordningen?

Svar:

Eg viser til skriftleg spørsmål nr. 2560 frå representanten Gjelsvik.

Noreg deltek i EUs klimakvotesystem på lik linje som europeiske verksemdar, og er difor omfatta av EUs regler for CO₂-kompensasjon. Under EUs gjeldande retningslinjer har 15 sektorar rett på CO₂-kompensasjon. Det er i alt 46 norske verksemdar som fell inn under ein eller fleire av desse sektorane og har dermed rett på CO₂-kompensasjon. Kompensasjonen blir utbetalt etterskotsvis.

Kompensasjon for støtteåret 2019 blir utbetalt i 2020, basert på forwardprisane i 2018. Den faktiske utbetalinga av CO₂-kompensasjon i 2020 var på 1 434 652 951 kroner. Dette er berekna med ein støtteintensitet på 0,75. Ein støtteintensitet på 0,75 indikerer at ein kan

kompensere opptil 75 % av auka i kraftprisane. Samanlikna med utbetalingane til CO₂-kompensasjon i 2019 har utbetalingane i 2020 auka med 907 millionar kroner.

Svara på spørsmåla er lista opp i tabellen under. Alle tal gjeld for støtteåret 2019 (budsjettåret 2020). Tala som viser utbetalingar med nikkelproduksjon er basert på grove anslag.

Støtteintensitet	Utbetalingar utan nikkelproduksjon [MNOK]	Utbetalingar med nikkelproduksjon [MNOK]
Full kompensasjon (1,00)	1 913	1 946
Delvis kompensasjon (0,85)	1 626	1 654
Delvis kompensasjon (0,80)	1 530	1 557

Retningslinjene i dag for CO₂-kompensasjon vil vere gyldige til 31. desember 2020. Europakommisjonens DG Konkurransse arbeider i desse dagar med å vedta nye retningslinjer for perioden 2021-2030.

I januar 2020 blei eit utkast til nye retningslinjer offentleggjort. Utkastet viste at lista over sektorar som har rett på kompensasjon er innsnevra frå femten til åtte sektorar. Grunngevinga for innsnevringa er at ordninga skal avgrensast til sektorane som har størst risiko for karbonlekkasje. Dersom denne innsnevringa blir endeleg vedteke vil nokon norske verksemdar miste retten til kompensasjon i sin heilskap, medan andre vil miste deler av sin kompensasjon.

Sidan utkastet til nye retningslinjer vart offentleggjort har regjeringa arbeidd aktivt opp mot Europakommisjonen for å ta vare på norske interesser, mellom anna forsvare ein rein norsk industri. Regjeringa har også arbeidd for at produsentar av nikkelprodukt, mineralgjødsel, plast og avanserte biokjemikalier skal inkluderas i ordninga i neste periode.

Med helsing

Sveinung Rotevatn